



Turistvertane Sussi Bodin og Ellen Maie Myklebust frå Uskedalen helsar alle gjester velkomne inn i Folgefonnssenteret.

**Folgefonnssenteret vart opna av statsminister Erna Solberg i går, tysdag. Fylkesmann Sponheim, ordførarane i dei fem kommunane kring Folgefonna og alle bidragsytarane var på plass og kasta glans. Turistvertane bak skranken i inngangspartiet, Sussi Bodin og Ellen Marie Myklebust, kjem frå Uskedalen. Karen Løvfall Vaage med mor frå Uskedalen, har vore og er sentral i drifta av Folgefonnssenteret. Britt Iren Tjelle, også frå Uskedalen, har deltidsstilling ved Havforskningsinstituttet, med kontor i det som var Guddalsbua,- no ein integreert del av senteret.**



Statsministeren gav seg god tid med å helse på born frå barnehage og skule.

Sussi Bodin og Ellen Marie Myklebust er turistvertar på Turistinformasjonen, som igjen samarbeider med Folgefonnsenteret om sal av inngangsbilletter. Inngangsbilletten gjeld også for Skaaluren skipsbyggjarsamling.

I ein vakkert utforma brosjyre med tittelen Eit klasserom utan vegger, er baksidebilete frå Uskedalen med dalføret frå øvst i dalen mot Hardangerfjorden. Motivet har før vore brukt i bokverket Folgefonna og fjordbygdene. Biletteksten er: Uskedalen under Ulvanoso - ein dal utforma av breen.

Om du gjestar Folgefonnsenteret, vil du få mykje kunnskap om landskap, klima og busetnad. Med bakgrunn i Folgefonna stig det fram ny klimaforskning som vil fortelja oss mykje om livsgrunnlaget i framtida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Teknologisk og digital utstillingsform syner avskoginga på 1500 talet og framvoksteren av ny skog dei siste 200 åra..